



TORANESET MILJØPARK
Haraldseidvågen 288
5574 SKJOLD

Kontakt saksbehandlar

Elisabeth Time Ellingsen, 51568799

Oversending av nytt løyve etter forureiningslova til farleg avfallsanlegg - Toraneset Miljøpark

Statsforvaltaren i Rogaland gir Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) nytt løyve etter forureiningslova til mottak, sortering og lagring av farleg avfall på Toraneset Miljøpark i Vindafjord kommune. Tidlegare løyve er erstatta med nytt løyvedokument etter revisjon med heimel i forureiningslova § 18 tredje ledd.

Statsforvaltaren vedtar gebyr for behandling av søknaden.

Vi viser til søknad frå Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) om nytt løyve for mottak av farleg avfall på Toraneset Miljøpark datert 31.05.2021.

Statsforvaltaren gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og § 29, jf. avfallsforskrifta § 11-6, og endra i medhald av § 18 tredje ledd. Løyvedokumentet følgjer med som vedlegg.

Statsforvaltaren har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Statsforvaltaren lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Vi har vurdert tiltak som fører til fare for forureining av vatn etter vassforskrifta §§ 4-6, der føremålet er å halde ved lag og, om nødvendig, betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. Vi har også lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved vurdering etter forureiningslova.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilde vilkår.



Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere baserte på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring av vilkår i løyvet må derfor liggje føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.

At vi har gitt løyve til forureining fritiek ikkje verksemda for erstatningsansvar for skader, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å halde krava i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter som er heimla i desse lovene.

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter, er straffbare.

Industriutsleppsdirrektivet og BAT-konklusjonar

Industriutsleppsdirrektivet (IED) trådde i kraft i EU i 2011 og slår saman det tidlegare IPPC-dirrektivet og seks andre direktiv som regulerer utslepp frå industriverksemdar. Endringar som implementerer direktivet i norsk rett, vart gjort gjeldande frå 01.08.2016 i kapittel 36 i forureiningsforskrifta, jf. omtale i § 36-1 andre ledd. Krava etter dette kapitelet skjerpar prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT) mellom anna ved at forpliktande bransjespesifikke krav vert vedtekne i såkalla BAT-konklusjonar (BAT-C). Vidare vert det stilt krav om auka tilsynsfrekvens. Vilkår i eksisterande løyve må vere oppdaterte seinast fire år etter publisering av ny eller revidert BAT-konklusjon.

Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) sitt avfallsanlegg på Toraneset Miljøverk er ei type verksemd som er omfatta av krava etter § 36-1 andre ledd i forureiningsforskrifta. Verksemda kan lagre meir enn 50 tonn farleg avfall samtidig jf. kategori 5.5 i vedlegg 1 til kap. 36.

Verksemdar som er omfatta av dette regelverket må halde seg oppdatert om kva tiltak eller aktivitetar som til ei kvar tid er BAT for bransjen. Som ein del av internkontrollen skal verksemda difor kontinuerleg vurdere og implementere BAT som gjeld for dei ulike aktivitetane. Kva løysingar som skal nyttast, vert det i hovudsak opp til verksemda sjølv å avgjere. For avfallsverksemdar gjeld BAT-referansedokumentet WT-BREF. BAT-konklusjonar (BAT-C) vart gjeldande frå 01.08.2018. Løyve til verksemdar som vert omfatta av dette regelverket vil såleis verte vurdert endra innan 01.08.2022. WT-BREF og andre, relevante BAT referansedokument finn ein på denne nettsida: <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/>

Bakgrunn og søknad

Haugalandet Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) driv Toraneset Miljøpark i Vindafjord kommune, der verksemda omfattar avfallsmottak, sortering, og deponi. Kommunar og interkommunale selskap kan ta i mot og mellomlagre farleg avfall frå hushaldningar og verksemdar med mindre mengder farleg avfall innanfor ramma av standardvilkåra i vedlegg 2 til avfallsforskrifta kapittel 11. Skal ein ta imot og mellomlagre farleg avfall frå næringsverksemdar som vanleg aktør, krev dette eige løyve.

Toraneset Miljøpark har løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall frå næringsverksemdar etter forureiningslova § 11, datert 26.08.2010. Løyvet er dermed over 10 år gammalt og kan endrast med heimel i forureiningslova § 18 tredje ledd. Statsforvaltaren skal også ta opp løyve til periodisk vurdering jf. forureiningsforskrifta § 36-19. Det er behov for ein revisjon av løyvet ettersom løyvet er utdatert og står ikkje i samsvar med dagens miljøkrav og anbefalingane frå IED og BAT-konklusjonane.



Statsforvaltaren har i brev 13.04.2021 likevel bedt verksemda sende inn søknad om nytt/endra løyve på standardiserte skjema med tilhøyrande vedlegg.

Søknaden gjeld mottak, sortering, og lagring av farleg avfall frå næringsverksemdar og hushaldningar på Toraneset Miljøpark.

- Rammevilkår HIM ønsker å ta imot alle typar farleg avfall iht. avfallsforskrifta § 11-7 og vedlegg 1.
- Årleg mottak farleg avfall: ønsker ingen grense, likt som tidlegare løyve.
 - Maksimal mengde farleg avfall lagra samtidig: 300 tonn, aukiing frå 100 tonn.
- Mottak: Det er betjent mottak og alt avfall vert vektregistrert. Det blir tatt imot farleg avfall (frå hushald) på rampe, eller ved mottaksbygg for farleg avfall. HIM har også mobilt mottak.
- Sortering: Avfall vert sortert etter avfallstype og eigenskap, og pakka i godkjent emballasje. Sortering og oppsamling finn stad i bygg for farleg avfall.
- Lagring: Farleg avfall blir i hovudsak lagra på ferdiglager i bygg for farleg avfall. Nokon fraksjonar vert lagra under tak (isolerglassrutar). Impregnert tre vert lagra utandørs.
- Utslepp til vatn: Det er ingen punktutslepp frå avfallshandtering. Bygg for farleg avfall har tett dekke og lukka kammer for oppsamling av eventuell avrenning frå avfall og vatn som har vært i kontakt med avfallet. Avrenning frå impregnert tre som vert lagra utandørs går på sigevatn-systemet til deponiet.
- Utslepp til luft: HIM vurderer ikkje støy eller lukt som problem ved farleg avfallsverksemda.

Saksgang

I medhald av forureiningsforskrifta § 36-5 vert søknaden lagt ut til offentleg ettersyn frå juni til september 2021. Søknaden vert offentleg kunngjort på Statsforvaltaren si nettside og i Haugesunds Avis jf. § 36-8.

Mottekne høyringsuttaler:

- Øystein Frøyland, 23.06.2021
- Vindafjord Kommune, 10.09.2021

Øystein Frøyland

Bebuar Øystein Frøyland kommenterer at vegen i Haraldseidvågen er smal og ikkje berekna for så mykje tungtransport. Han skriv vidare at vegen til Toraneset må utbetrast eller byggast om før nytt løyve blir gitt.

Vindafjord kommune

Saken blei tatt opp til handsaming i formannskapet den 7. september 2021. Kommunen mottok kommentarar frå Haugen vel som er bekymra for trafikk og vegstandard langs Haraldseidvågen. Dei er også skeptisk til manglande øvre grense for årleg mottak.

Kommunen vedtok følgjande uttale:



«Vindafjord kommune meiner at moglegheita til å levere farleg avfall til Toraneset Miljøpark er viktig for å redusere sannsynet for at avfallet blir dumpa ulovleg. Gode ordningar og godt tilgjenge til ordningane senker terskelen for å avhende avfallet på riktig måte, og er slik eit godt tiltak mot forureining.

Kommunen er ikkje kjent med lokale tilhøve som tilseier at slikt løyve ikkje bør gis.

Kommunen ber Statsforvaltaren vurdere ei årleg øvre grense for mottak av farleg avfall.»

Søkars kommentar til høyringsuttalene

I medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 andre ledd, vart mottekne uttaler sendt søkar for kommentar. HIM kommenterer uttalene i e-post av 17.09.2021.

HIM er einig i at vegstandarden ikkje er god nok, og kommenterer at dei også har teke saken opp med kommunen og fylkeskommunen.

Him ønsker i utgangspunktet ikkje øvre grense på årleg mottak. Mengdene som er mottekne er variabel og uviss, og dei ønsker å legge til rette for meir moglegheiter for henting/levering av farleg avfall i framtida. Dei ønsker ikkje at ei mottaksramme skal hindre mottaket til Toraneset. Vidare skriv HIM at dei har kompetanse og fasilitetar for å ivareta sikker handsaming av farleg avfall, og at dei har avtaler med godkjente mottak for vidare behandling.

Statsforvaltarens vurdering

Rammar

Toraneset Miljøpark søker om mottak av alle typar farleg avfallsfraksjoner (NS 7000-7999), utan mottaksgrense. Det er søkt om ei maksimal mengde lagra samtidig på 300 tonn farleg avfall, grensa i sist løyve var 100 tonn.

Rapporterte tall frå verksemda visar til ein auking av farleg avfall mottatt på Toraneset. Toraneset har ikkje gått utover deira grense på 100 tonn mellomlagra farleg avfall.

Rapporterte avfallsmengder frå 2019 og 2020:

	Samtidig lagra	Avfall mottatt
2020	66 tonn	184 tonn
2019	19 tonn	101 tonn

Vindafjord kommune skriv i deira uttale at det bør vurderast å sette årleg mottaksgrense. Dette er også ein praksis Statsforvaltaren har tatt i bruk for bransjen, også for kommunale og interkommunale anlegg. Vi ønsker derfor å setje mottaksgrense for farleg avfall. Denne grensa kan settast med margin for å auke mottaket i åra framover, og skal ikkje vere til hinder for å utvikla verksemda til Toraneset Miljøpark. Statsforvaltaren sett grense som er i tråd med andre liknande verksemd. HIM skriv i deira tilbakemelding på utkastet (i e-post av 19.11.2021) at de rapporterte tal for mengd mottatt avfall ikkje inkluderer alle typar farleg avfall. Impregnerert tre, golvbelegg og vindaug (PCB og klorparafiner) vart ikkje mottekne som stykkgoods, og er ikkje rekna med i eigenrapporten. HIM ber derfor om ein mottaksramme på 10 000 tonn per år. Statsforvaltaren minner om at alt av farleg avfall som vert mottekne og lagra skal rapporterast i eigenrapporten.

BAT-konklusjonane anbefalar å sette konkrete rammar for lagring av avfall, Statsforvaltaren vurdere også mengde lagra avfall på anlegget til å være av mest miljømessig betydning. HIM har søkt om å auka mengde lagra avfall frå 100 til 300 tonn. Toraneset har eige bygg for farleg avfall, der HIM meldar



om tilstrekkeleg kapasitet for mengda det er søkt om. Statsforvaltaren har ikkje motteke høyringsuttaler som er imot mengda. Det blir gitt løyve til lagring av 300 tonn farleg avfall. Dersom det viser seg at anlegget ikkje har kapasitet til å lagra 300 tonn farleg avfall samtidig, kan det bli aktuelt å redusera mengda.

Nye rammar gitt Toraneset Miljøpark:

Avfallsstoff-nummer	Avfallstype	Årleg mottak	Mengde som til ei kvar tid kan lagrast	Maksimal lagringstid
7000 - 7999	Farleg avfall (stykkgoods og bulk)	10 000 tonn /år	300 tonn	12 månadar

Det er ønskeleg at alt motteke avfall vert handtert og sendt til gjenvinning eller sluttbehandling så snart som råd. Maksimal ramme for lagring av farleg avfall er 12 månader jf. avfallsforskrifta § 11. For avfall som kan medføre spesielle utfordringar som lukt, avrenningsfare eller brann er det anbefalt kortare lagringstider.

Avfallshandtering

Verksemnda kan ta imot alle typar farleg avfall som er omtalt i avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg I. Nokre typar farleg avfall er ikkje omfatta av forureiningsregelverket. Slikt avfall skal avviksregistrerast og leverast til dei som lovleg kan ta imot dette så snart som mogleg.

Vi set krav om at impregnert trevirke skal lagrast under tak eller på anna måte skjerma mot nedbør. Dette gjerast for nye anlegg og skal avgrense avrenning. Eventuell kverning av impregnert tre skal gå føre seg innandørs og kverna trevirke skal lagrast innandørs med oppsamling av eventuell avrenning.

Statsforvaltaren har sett vilkår om at alt avfall skal lagrast innandørs og på tett dekke med oppsamling av eventuelt forureina avløpsvatn i samsvar med avfallsforskrifta § 11. Anna lagringsmåte kan verte godtatt dersom verksemnda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern. Dette vilkåret krev dokumentert risikovurdering som visar om den valde lagringsmåten kan føre til forureining av grunn, vatn eller luft.

Avfallet må uansett takast hand om slik at det vert til minst mogleg skade og ulempe.

Flygeavfall og skadedyr skal forhindrast. Verksemnda må iverksette tiltak dersom det oppstår problem.

Utslepp til luft og støy

Det er ikkje venta at verksemnda skal medføre sjenerande lukt eller støy til omgjevnadene. Diffuse utslepp frå sortering og frå uteareal, til dømes område for lossing og lasting, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

Verksemnda ligg i ein miljøpark der det er fleire avfallshandteringsaktivitetar. Det er ikkje venta at farleg avfall verksemnda vil bidra nemneverdig til støy. I løyvet har vi sett dei same krava og grenseverdiar for støy som gjeld for deponiet på Toraneset Miljøpark.

Vegstandard – Haraldseidvågen

Dårleg vegstandard på Haraldseidvågen til Toraneset Miljøpark er kommentert av naboar og kommunen. Dette var også eit tema under sakshandsaming som gjaldt Toraneset Miljøpark sitt farleg avfallsmottak i 2010 og avfallsanlegget i 1996.



Kommunen skriv følgande i formannskapet si handsaming av saka:

«Den dårlege vegstandaren ut til Toraneset (Haraldseidvågen) er ei utfordring. Dette er tatt opp med vegeigar (nå Rogaland Fylkeskommune) over fleire år, og tiltak på vegstrekinga er høgt prioritert frå lokalpolitisk hald.»

Verksemda ved Toraneset blir ikkje vesentleg endra som følgje av nytt løyve. HIM greie ut for noko vekst i mengde for årleg mottak av farleg avfall, men mengda vil variere mellom årane. Etter Statsforvaltarens vurdering vil verksemda det er søkt om ikkje føre til vesentleg aukiing i transport. Transport til og frå verksemda blir normalt ikkje regulert etter forureiningslova. Statsforvaltaren oppmodar vegmyndigheit og kommunen til å følge opp saka om vegstandard ved Haraldseidvågen.

Utslepp til vatn og vassforskipta

Farleg avfall verksemda har ikkje punktutslepp til vatn. I bygg for farleg avfall skal alt søl samlast i tett tank, dermed null utslepp. Reint overflatevatn frå uteareal skal avskjerast, og overflatevatn frå lagring utandørs skal samlast og leiast på sigevatn-systemet til deponi. Overvaking av sigevatn er regulert i løyvet gitt av Statsforvaltaren til Toraneset Miljøpark til deponietappe 1 og 2 (2008.0197.T) og avslutning av deponietappe 1 (2016.0102.T).

Sigevatn har utslepp på 40 m djupne i Ålfjorden. Ålfjorden har «god» økologisk tilstand, men har ikkje definert kjemisk tilstand på vann-nett.no¹. Det er vurdert at påverknad frå søppelfylling og fiskeoppdrett i nærheita i liten grad påverkar vasskvaliteten.

Statsforvaltaren vurderer at med dei tiltak og krav som er sette, så vil utslepp frå verksemda ikkje vere til hinder for at miljømåla i vassførekomsten kan bli nådd.

Vurdering etter naturmangfaldlova

I Naturbase er det registrert arter av nasjonal forvaltningsinteresse i nærleiken av miljøparken, inkludert artar av planter og fugl. Mot kysten nord for miljøparken er det registrert eit sårbart område av type våtmark.

Området er regulert til interkommunal renovasjonsplass og det er ikkje grunn til å tru at verksemda vil føre til nemneverdig skade på naturmangfaldet med dei krava som er sett i løyvet. Naturmangfaldet vert i liten grad påverka av tiltaket og det er ikkje påvist effektar av verksemda på verdifull natur.

Statsforvaltaren har derfor vurdert at det ikkje vil vere nødvendig å gjere eigne vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12, då dette er dekt av krava i løyvet.

Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn [trinn 1-3]

Krav om tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn høyrer med IED, og er implementert i norsk rett i forureiningsforskipta § 36-21. For verksemd som er omfatta av vedlegg I i forureiningsforskipta kapittel 36 og der verksemda brukar, handtera eller slepp ut farlege stoff og stoffblandingar, skal den ansvarlege for verksemda utarbeide ein tilstandsrapport iht. Miljødirektoratets rettleiar.

Toraneset Miljøpark er omfatta av kategori 5.5 under vedlegg I og skal derfor utarbeide ein tilstandsrapport for å overhalde kravet. I første omgang skal dei som er ansvarlege for verksemda

¹ <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0260020100-C>



vurdere behovet for å dokumentera forureining i grunn og grunnvatn etter trinn 1-3 i Miljødirektoratets rettleiar M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*. Dette er tatt med i løyvet vilkår 12.1. Dersom Statsforvaltaren med utgangspunkt i denne vurderinga finn at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, må verksemda utarbeide ein full tilstandsrapport i samsvar med trinn 4-7 i Miljødirektoratet si rettleiar M-630/2016.

For meir informasjon sjå Miljødirektoratets nettside: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/veileder-tilstandsrapport-for-industriomrader/>

Dette kravet gjeld den eigendommen der verksemda mottek og handterer farleg avfall. Frist for innsending av tilstandsrapport er **01.05.2022**.

Konklusjon

Statsforvaltaren har kome fram til at fordelane ved verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgjer av forureining frå anlegget. Dersom aktivitetane vert drifta med gode rutinar og i samsvar med vilkåra i løyvet, vert miljøtilhøva ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Statsforvaltaren gir difor løyve etter forureiningslova.

Verksemda er omfatta av IED på grunn av mengda lagra farleg avfall, jf. forureiningsforskrifta kap. 36 Vedlegg 1 punkt 5.5 . Derfor gir Statsforvaltaren nytt løyve der alle vilkår er oppdatert i samsvar med dagens krav.

Vedtak

Statsforvaltaren gir nytt løyve til mottak, sortering, og lagring av farleg avfall på Toraneset Miljøpark. Løyve er revidert i medhald av forureiningslova § 18 tredje ledd og erstattar tidlegare løyve av 26.08.2010. Utsleppsløyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, og etter avfallsforskrifta § 11-6.

Fristar

Krav	Punkt i løyvet	Frist
Årleg rapportering til Statsforvaltaren	10.3	01.03 kvart år
Tilstandsrapport om mogleg forureining jf. forureiningsforskrifta § 36-21	12.1	01.05.2022

Vedtak om gebyr for saksbehandling

Statsforvaltaren tek saksbehandlingsgebyr for behandling av nye og endra utsleppsløyve. Gebyret skal dekke kostnadane med å behandle søknaden. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39.

Vi viser til varsel om gebyr for behandling av søknad datert 10.11.2021. Gebyrsatsen er vald basert på Statsforvaltarens ressursbruk ved behandling av søknaden, revisjon av løyvet er vurdert til å tilsvare ei veke med saksarbeid. Vi har plassert arbeidet med dette løyvet under **gebyrsats 6** for 2021, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale kroner **kr. 33 800,-** i gebyr for løyvet.

Faktura vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter mottak av faktura.



Rett til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Rogaland innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ein eventuell klage skal gje nærare opplysningar om kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønsker. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett.

Offentleggjing av løyvet

Kopi av vedtaket vert sendt kommunen og andre relevante partar. Vedtaksbrev og løyve vert og kunngjort på Statsforvaltaren i Rogalands nettside. <https://www.Statsforvalteren.no/Rogaland/Miljo-og-klima/>

Med helsing

Mariann Størksen
fung. seksjonsleiar

Elisabeth Time Ellingsen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1 Løyve til mottak, sortering og lagring av farleg avfall - Toraneset Miljøpark

Kopi til:

Øystein Frøyland Haraldseidvågen 264 5574 SKJOLD
Vindafjord kommune Rådhusplassen 1 5580 Ølen



Statsforvaltaren i Rogaland

Løyve til mottak, sortering og lagring av farleg avfall

Toraneset Miljøpark

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, og avfallsforskrifta § 11-6, og endra i medhald av forureiningslova § 18. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 13. Løyvet erstattar tidlegare løyve av 26.08.2010.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Verksemd	Toraneset Miljøpark
Ansvarleg	Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM)
Gateadresse/ Postadresse	Haraldseidvågen 288, 5574 Skjold
Kommune og fylke	Vindafjord, Rogaland
Org. nummer (verksemd)	973 918 877
Gards- og bruksnummer	Gnr. 151, bnr. 12, 16, 18 og gnr. 162, bnr. 110
NACE-kode og bransje	38.110 - Innsamling av ikkje-farleg avfall
Kategori for verksemda ¹	5.5 - Mellombels lagring av over 50 tonn farleg avfall

Statsforvaltarens referansar

Saksnummer	løyvenummer	Anleggsnummer
2021/3708	2021.0844.T	1160.0023.03

løyve første gang gitt: 26.08.2010	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: 24.11.2021	løyve sist endra:
Mariann Størksen fung. seksjonsleiar		Elisabeth Time Ellingsen rådgivar
<i>Dokumentet er godkjent elektronisk</i>		

¹ Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forurensningsforskriften) kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar

Innholdsliste

1. Rammevilkår	4
1.1 Rammar	4
1.2 Driftstid	4
2. Generelle vilkår	4
2.1 Utsleppsavgrensningar	4
2.2 Plikt til å halde grenseverdier	4
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	4
2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt	5
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	5
2.7 Internkontroll	5
3. Handtering av avfall	5
3.1 Mottak av farleg avfall	5
3.1.1 Informasjon til kundar	6
3.2 Krav til tett overflate	6
3.3 Krav til handtering av farleg avfall	6
3.3.1 Krav til behandling og lagring av trevirke	6
3.4 Kompetanse	6
3.5 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall	7
3.6 Forsøpling og skadedyr	7
3.7 Generelle krav	7
4. Utslepp til vatn	7
4.1 Utsleppsavgrensingar	7
4.1.1 Utslepp frå punktkjelder	7
4.1.2 Diffuse utslepp	8
4.2 Utsleppspunkt	8
4.3 Sanitæravløpsvatn	8
5. Utslepp til luft	8
5.1 Utsleppsreducerande tiltak	8
5.2 Lukt	8
6. Grunnforureining og forureina sediment	8
7. Kjemikal	9
8. Støy	10
9. Energi	10
9.1 Energistyringssystem	10
10. Journalføring, deklarerering og rapportering til Statsforvaltaren	10
10.1 Journalføring	10
10.2 Deklarering av farleg avfall	10
10.3 Rapportering til Statsforvaltaren	11
11. Miljøovervaking	11

12. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	11
12.1 Miljørisikoanalyse.....	11
12.2 Førebyggjande tiltak	11
12.3 Etablering av beredskap.....	11
12.4 Varsling av akutt forureining	12
13. Undersøkingar og utgreiingar	12
13.1 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn	12
14. Eigarskifte, omdanning mv.	12
15. Nedlegging	12
16. Tilsyn	13
Vedlegg 1 - Liste over prioriterte miljøgifter	14

1. Rammevilkår

1.1 Rammar

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og sortering av farleg avfall frå næringsverksemd og hushald på Toraneset Miljøpark.

Anlegget kan ta imot dei typar farleg avfall definert i avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 1.

Det er ikkje lov å ta imot følgjande avfallstypar:

- Eksplosive stoff og gjenstandar
- Radioaktivt material
- Sjølvantennande stoff

Tabell 1: Avfallstypar som vert tatt imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast:

Avfallsstoff-nummer	Avfallstype	Årleg mottak	Mengde som til ei kvar tid kan lagrast	Maksimal lagringstid
7000 - 7999	Farleg avfall	10 000 tonn /år	300 tonn	12 månadar

1.2 Driftstid

All verksemd på Toraneset miljøpark har følgjande driftstid: Måndag - fredag: kl. 07:00 – 19:00

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensningar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er venta å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 16. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 16.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT) for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3. Eventuelt nytt utstyr skal berre brukast i samsvar med BAT konklusjonane i gjeldande BAT referansedokument², jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom verksemda ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår 4 i løyvet, må de søkje om løyve til dette.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg - utan urimelege kostnader, setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere forureiningsstyresmakta om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 12.4.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift³. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 12.4.

3. Handtering av avfall

3.1 Mottak av farleg avfall

Internkontrollen skal sikre at motteke farleg avfall er deklartert eller lovleg importert slik at den vidare handteringa kan skje på ein forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta § 11-12 og § 11-13.

Ved mottak av avfall med usikkert/uavklart innhald skal det gjennomførast prøvetaking og analyse for å klarlegge samansetjinga av avfallet.

² BAT referansedokument for avfallsverksemder: Waste Treatment (WT BREF)

³ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

Avfall som ikkje kan behandlast miljømessig tilfredsstillande ved anlegget til verksemda , skal leverast til mottaksanlegg med nødvendig løyve.

3.1.1 Informasjon til kundar

Verksemda skal informere alle kundar om kvaslags avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget, og korleis avfallet skal leverast.

3.2 Krav til tett overflate

Mottak, sortering og lagring av farleg avfall skal gå føre på tett dekke⁴.

3.3 Krav til handtering av farleg avfall

All handtering av avfall skal gå føre seg slik at gjenvinningsmoglegheitene ikkje blir reduserte og slik at helse- og miljøskadelege stoff ikkje lekk ut og blir spreidd.

For mottak og lagring av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4.

I tillegg gjeld følgjande:

- a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 12 Beredskap.
- b. Avfall skal vera sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Anlegget skal være sikra ved inngjerding, og være effektivt avstengt utenfor driftstid.
- c. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Farleg avfall skal lagrast slik at inspeksjon og kontroll av avfallet kan utførast på ein enkel og rasjonell måte.
- d. Lagra avfall skal vere merkt slik at det går fram kva som er lagra.
- e. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danne farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
- f. Alt avfall, uavhengig av mengd, skal lagrast innandørs og på tett dekke⁵ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan verte godtatt dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

3.3.1 Krav til behandling og lagring av trevirke

Alt impregnert trevirke skal lagrast på fast dekke under tak, eller på anna måte vera skjerma mot nedbør. Alt avrenning skal samlast.

Kverning av impregnert trevirke skal gå føre seg innandørs. Kverna impregnert trevirke skal lagrast innandørs på tett dekke, med oppsamling av eventuell avrenning.

3.4 Kompetanse

Alle som handterer farleg avfall i verksemda skal ha dokumentert opplæring i slik handtering.

Verksemda skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere verksemda sin miljørisiko og gjennomføre betringstiltak for å sikre at verksemda driv i samsvar med løyve og anna regelverk.

⁴ Tett dekke er fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstyper.

⁵ Tett dekke er fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstyper.

3.5 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Verksemda skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengd avfall på lager til ei kvar tid og om behandla mengd avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane inngår i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 10.3.

3.6 Forsøpling og skadedyr

Verksemda pliktar alltid å halde anlegget og områda omkring, inkludert dei næraste tilførselsvegane, i orden og fri for forsøpling. Om naudsynt må verksemda sørgje for jamleg opprydding på anlegget og i tilgrensande område.

Verksemda skal førebyggja problem med skadedyr. Det skal om nødvendig utarbeidast eige program for redusera plage frå skadedyr og fuglar.

3.7 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda. For material som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsett i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta⁶.

Farleg avfall kan ikkje tynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

4. Utslepp til vatn

4.1 Utsleppsavgrensingar

4.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha punktutslepp av forureina vatn frå avfallshandtering. Bygg kor farleg avfall handterast har lukka kammer kor eventuelle utslepp samlast opp.

⁶ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930

4.1.2 Diffuse utslepp

Verksemda skal sørge for at handteringa av avfall og utsorterte fraksjonar ikkje fører til forureinande utslepp til vatn.

Diffuse utslepp som ikkje kan samlast opp frå uteareal skal avgrensast mest mogleg og skal ikkje føre til skade eller ulempe for miljøet. Diffuse utslepp skal ikkje vere forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1.

4.1.3 Utsleppsreducerande tiltak

Overvatn frå område rundt anlegget og takvatn skal førast utanom avfallsanlegget slik at det ikkje kjem i kontakt med avfall. Overvatn frå alle utandørs område med krav til tett⁷ eller fast⁸ dekke skal samlast opp til punktutslepp.

Reingjering av dekke, golv, konteinrar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar. Vatn brukt til slike føremål skal i størst mogleg grad resirkulerast.

4.2 Utsleppspunkt

Verksemda leier sitt overflatevatn og avløpsvatn saman med sigevatn frå deponi med utslepp på 40 m. djupe i Ålfjorden.

4.3 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

5. Utslepp til luft

5.1 Utsleppsreducerande tiltak

Diffuse utslepp frå avfallsanlegget og frå uteareal, til dømes lagerområde og område for lossing/lasting, som kan føre til skade eller ulempe under dette lukt og støv for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Om naudsynt må lukt- og støvreduserande tiltak setjast i verk. Moglege klager på lukt og støv skal loggførast saman med ei utgreiing av kva for tiltak som er iverksett på grunnlag av klagen

5.2 Lukt

Verksemda skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadene vert avgrensa mest mogleg.

Frekvensen av plagsam lukt ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg i nærleiken av verksemda, skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

6. Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

⁷ Tett dekke er fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstyper.

⁸ Asfalt.

Verksemnda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvåkast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemnda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2⁹, og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

Ved endeleg nedlegging av drifta, skal verksemnda vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining med relevante farlege stoff som er brukte, framstilte eller sloppe ut ved verksemnda og setje i verk dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast til forureiningsstyresmakta. Opplysningar om tiltaka skal gjerast tilgjengeleg for allmenta. Forureiningsstyresmakta kan stille ytterlegare krav med heimel i forureiningslova, sjå punkt 15.

7. Kjemikal

Med kjemikal meiner man her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemnda, både som råstoff i prosess og som hjelpkemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemnda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemnda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemnda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe¹⁰.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller verte brukte utan at dei følgjer krava i REACH-regelverket¹¹ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

⁹ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i forurensa grunn ved bygge- og gravearbeider

¹⁰ Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

¹¹ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

8. Støy

Verksemnda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, hytter m.v. skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå¹² ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl.19-23)	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23-07)
$L_{pAekv12h}$	$L_{pAekv4h}$	$L_{pAekv8h}$	L_{A1}
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensa gjeld all støy frå verksemnda sin vanlege aktivitet, medrekna intern transport på anleggsområdet og lossing/lasting av avfall. Støy frå midlertidig byggje- og anleggsverksemd og frå vanleg persontransport av verksemnda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

9. Energi

9.1 Energistyringssystem

Verksemnda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv drift ved anlegget. Energistyringssystemet skal inngå i verksemnda sin internkontroll, jf. vilkår 2.7

10. Journalføring, deklarerering og rapportering til Statsforvaltaren

10.1 Journalføring

Anlegget skal føre journal for arbeid knytt til farleg avfall der alle nødvendige opplysningar for mottak, lagring, handtering og vidarelevering av farleg avfall blir ivaretatt. Journalen skal bl.a. visa følgjande opplysningar:

- Dato for mottak
- Namn på leverandør eller produsent
- Vise til deklarasjonsskjema
- Avfallstyper og mengder
- Resultat/vise til analyserapporter og liknande
- Dato for vidaresending av avfallet og namn på mottakar

Journalane skal være lett tilgjengelege ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Forureiningsmyndigheitene kan påleggje verksemnda å sende forureiningsmyndigheitene eller andre som myndigheitene bestemmer, kopier eller samandrag av alle journalar.

10.2 Deklarering av farleg avfall

Anlegget skal sjå etter at alt farleg avfall som blir tatt imot frå verksemder er deklarerert i *Avfallsdeklarerering.no*. Avfallsprodusenten/verksemnda er ansvarleg for at avfallet er korrekt deklarerert.

Anlegget skal deklarerere farleg avfall frå private hushald på kommunen/IKS som avfallsprodusent.

¹² Lydtrykknivået vert i tabellen uttrykt etter desibel-skalaen (dB). Nemningane er nærare definert i T-1442/2016 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging".

Alt farleg avfall som forlet anlegget skal vera deklarerert og gjenpart av utfylt deklarasjonsskjema skal følge med farleg avfall ved vidare transport¹³. Dersom ein leveranse består av fleire avfallstyper (jf. EAL og NS), må det vera minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Fleire leveransar av same avfallstype kan samdeklarerast ut frå mottaksanlegget.

10.3 Rapportering til Statsforvaltaren

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no. Verksemda skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ein oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratets rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå www.miljodirektoratet.no.

11. Miljøovervaking

Sjøresipient undersøkast kvart 5. år. Overvaking er regulert i punkt 3.13.2 i løyve gitt Toraneset Miljøpark - deponi (2008.0197.T).

12. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

12.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta hansen til ekstremvær, flaum osv. og framtidige klimaendringar.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

12.2 Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljøriskoen. Dette gjeld både sannsynsreducerande og konsekvensreducerande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

12.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, med bakgrunn i miljørisikoanalysen og dei førebyggjande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og holde oppdatert ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljøriskoen som verksemda til ei kvar tid representera. Viss aktuelt, skal verksemda øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

¹³ Jf. Avfallsforskrifta § 11-13

12.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift¹⁴. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren i slike tilfelle.

13. Undersøkingar og utgreiingar

13.1 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn

Verksemda skal vurdere om forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, jf. forureiningsforskrifta § 36-21. Denne vurderinga skal gjennomførast i samsvar med trinn 1-3 i Miljødirektoratet si rettleiar M630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*.

Vurderinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 01.05.2022.

Dersom Statsforvaltaren med utgangspunkt i denne vurderinga finn at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, må verksemda utarbeide ein full tilstandsrapport i samsvar med trinn 4-7 i Miljødirektoratet si rettleiar M-630/2016.

14. Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom verksemda vert overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet vert overdrege, fisjonerer/fusjonerer, får nye eigarar med bestemmande innverknad, eller på annan måte vert omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til Statsforvaltaren. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før forureiningsstyresmakta har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet.

15. Nedlegging

Dersom eit anlegg vert nedlagt eller ei verksemd stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining.

Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet gjeld vidare inntil Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

¹⁴ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹⁵. Dei tiltaka som vert sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukne kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstadene igjen vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gjere melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

16. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

¹⁵ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farlig avfall

Vedlegg 1 - Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (difenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksinar og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C10 - C13 (kloralkan C10 - C13)	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C14 - C17 (kloralkan C14 - C17)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenoler og alkylfenoletoksyilat

Nonylfenol og nonylfenoletoksyilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyilat	OF, OP, OFE, OPE



Side:

4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte forbindelser	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salter av PFHxS og relaterte forbindelser	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte forbindelser	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksan

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
